

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 17/9332-3

### Søknad om tilskot til utbygging av hangar på Sogndal lufthamn

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune yter eit eingongstilskot på 3 mill. kr til etablering av hangar på Sogndal lufthamn, Haukåsen på følgjande vilkår:
  - a. Prosjektet må vere fullfinansiert.
  - b. Det er ein føresetnad for tilskotet at oppstart av bygging skjer i løpet av 2018.
  - c. Utbetalinga av tilskotet vil skje i løpet av første halvår i 2019.
- 2 Tilskotet vert finansiert av tilgjengelege fondsmidlar, bufferfondet.

#### **Vedlegg:**

- Søknad om tilskot til utbygging av hangar på Sogndal lufthamn  
ENSG vedlegg forprosjekt - hangar for nattparkering  
ENSG Sogndal lufthamn - Forprosjektrapport hangar nattparkering v 1 dato 23 06

#### **Andre relevante dokument i saka:**

## SAKSFRAMSTILLING

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Sogndal kommune, Sogn Næring og Sogn regionråd søker om 3 mill. kr i tilskot til bygging av hangar på Sogndal lufthamn, Haukåsen.

#### Historikk - tidlegare vedtak

I møte den 05.11.2014, sak 123/14 handsama fylkesutvalet høyrings sak om anbod på regionale ruteflygingar i Sør-Norge frå 1. april 2016. Fylkesutvalet gav m.a. følgjande fråsegn:

*Setekapasiteten på morgonrutene til Oslo og ettermiddagsrutene frå Oslo må styrkast. For å få dette til er det ønskjeleg med fleire direkteruter Sogndal/Sandane og Oslo morgon og ettermiddag/kveld, som då kan gjere at ein får nattstasjonert fly i Sogndal også.*

I tidlegare fråsegner i høve anbod på regionale ruteflygingar har hovudutval for samferdsle også gitt fråsegn om behovet for nattstasjonert fly på Sogndal lufthamn, Haukåsen.

#### Sentrale problemstillingar

Kommunal og moderniseringsdepartementet har løyvd 1 mill. kr i infrastrukturmidlar til nye Sogndal kommune til utbygging av hangar på Sogndal lufthamn, Haukåsen. Sogn regionråd og Sogndal kommune inviterer fylkeskommunen til å vere med på eit spleiselag for å etablere ein hangar og dermed sikre auka kapasitet og betre regularitet til og frå Sogndal lufthamn.

Pga. store mengder snø om vinteren kan ikkje Widerøe parkere sine Dash 8-100 over natta i Sogndal. Statistisk er det fleire kanselleringar om morgonen, når talet på passasjerar er høgst. Sogn regionråd og Sogndal kommune ser behov for eit eige fly som kan stå over natta grunna sprengt kapasitet på morgonen til Oslo. Auka passasjervekst gjer at passasjerar ofte må fly via Bergen. Pr. i dag er Widerøe sine fly på Vestlandet nattstasjonert i Florø, Førde, Sandane og Ørsta/Volda.

I møte mellom Avinor, Widerøe og representantar frå Sogn regionråd er det stadfesta at det vil vere sannsynleg med eit nattstasjonert fly på Haukåsen, dersom det vert etablert ein hangar for garasjering av fly.

Det er utarbeidd eit forprosjekt der kostnadane med ein tilfredsstillande hangar er vurdert til om lag 10 mill. kr. Det er lagt opp til ein finansieringsmodell der fylkeskommune, kommunal sektor og det private næringslivet tek ansvar for om lag kva sin tredjedel. Det er uaktuelt for Avinor og Widerøe å bygge hangaren. Det er nødvendig med eit lokalt initiativ og gjennomføring for å få etablert ein hangar på Sogndal lufthamn. Planen er å etablere eit aksjeselskap eigd av Sogn Næring og næringslivet i Sogn som bygger ut og eig hangaren. Selskapet vil leige ut hangaren til flyselskap.

#### Andre opplysningar

I forprosjektrapporten går det fram at det i hovudsak vert bygd 2 typar hangarar. Den eine er ein isolert plasthall og vert bygd med innvendige gitterdragarar/stålrammer med isolert plastduk som fasade og tak. Den andre er eit stålbbygg med fasade beståande av ulike typar sandwich-element.

Normalt vil ein isolert plasthall vere det rimelegaste alternativet, men ved Sogndal lufthamn er dimensjonerande snølastar på 650 kg(m<sup>2</sup>). Når dette vert lagt til grunn, vil forskjellen i pris vere mykje mindre. Med tanke på vêrforholda, og særleg dei høge snølastene som kan oppstå, er det tilrådd eit stålbbygg for hangaren ved lufthamna. Det er likevel tilrådd å få inn tilbod på ein isolert plasthall slik at ein kan få vurdert løysingane frå plasthall-leverandørane grundig. I kalkylen er det lagt til grunn ei løysing med eit stålbbygg kledd med sandwichelement.

#### Intensjonsavtale om utvikling av Sogndal lufthamn, Haukåsen

I møte den 08.06.04 vedtok fylkestinget å inngå ein intensjonsavtale med Sogn regionråd om utvikling av Sogndal lufthamn. I intensjonsavtalen går det fram at Sogndal lufthamn er ein svært viktig del av infrastrukturen for utvikling av regionen og næringslivet. Det går også fram av intensjonsavtalen at Sogn regionråd og fylkeskommunen har som felles langsiktig mål å utvikle Sogndal lufthamn til ein flyplass med god tryggleik og høg regularitet og partane i intensjons-avtalen skulle forsøke å få på plass inntil 10 mill. kr frå regionen til delfinansiering av tiltak på flyplassen. I tråd med intensjonsavtalen gjekk kommunane i Sogn regionråd inn med om lag 6,3 mill. kr i dette spleiselaget. Fylkeskommunen gjekk inn med om lag 3,7 mill. kr.

I 2004 søkte Sogndal lufthamn om ny teknisk operativ godkjenning. Det var omfattande tiltak som var nødvendige å få gjennomført i tillegg til dei tiltaka som skulle gjennomførast etter intensjonsavtalen. Nødvendige tiltak var m.a. etablering av nye sikkerheitsområde rundt rullebane. Avinor fekk utarbeidd ein plan for tiltak som skulle gjennomførast, både i eigen regi og som ein del av spleiselag/intensjonsavtale. Følgjande tiltak låg inne i planen:

- Retningsfyr m/avstandsmålar mot vest (2005)
- Elektronisk glidebane mot vest (2005)
- Montasjearbeid, kabellegging, innmåling, prosjektering, kontrollflyging, asfaltering og grunnerverv (2005)
- Security (2004)
- Utrykningsveggar (2004)
- Parkeringsplass for bilar til reisande (2004)

- Utviding av parkeringsplass for fly, vest (2004)
- Garasje- og hangaranlegg, nybygg
- Brekkbare master og nye innflygingslys til begge baner (2005)

Tiltak som gjekk direkte på betra regularitet var antennesystem, glidebane, planlegging, prosjektering og montering av dette. Hangar og garasjeanlegg ville gje moglegheiter for å ha fly ståande i Sogndal om natta. Dette ville gjere sitt til at regulariteten indirekte ville bli betra. I tillegg ville alt rullande materiell på lufthamna få mindre slitasje når det kjem inn under tak.

Alle tiltaka er gjennomført med unntak av bygging av hangar.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

I intensjonsavtalen mellom Sogn regionråd og fylkeskommunen er det eit felles langsiktig mål å utvikle Sogndal lufthamn til ein flyplass med god tryggleik og høg regularitet. Hangaren som var planlagt bygt vart ikkje gjennomført i 2004/2005.

Etablering av hangar på Haukåsen vil truleg styrke moglegheitene for eitt nattstasjonert fly og dermed betre regulariteten, særleg på vinterstid. Etablering av hangar vil likevel ikkje garantere eit nattstasjonert fly på Haukåsen. Her vil framtidig ruteopplegg og tilgang på nok flymaskiner vere avgjerande for at det vil kome eit nattstasjonert fly. Samferdseldepartementet er no i ferd med å førebu anbudsutlysing av ruteflyging på kortbanenettet i Sør-Norge. Gjeldande anbuds-kontrakt går ut 31. mars 2020.

### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Dersom eit tilskot skal finansierast over samferdslebudsjettet, må fylkeskommunen omdisponere midlar på samferdsla sitt driftsbudsjett. Gjennom arbeidet med Regional transportplan er det synleggjort eit stort behov for midlar til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Fylkesrådmannen vil ikkje tilrå slik omdisponering innanfor samferdslebudsjettet.

Fylkestinget kan, om ønskjeleg, disponerer fondsmidlar til eit tilskot på 3 mill. kr til bygging av hangar ved Sogndal lufthamn, Haukåsen. Det bør i så fall stillast vilkår om at tiltaket er fullfinansiert før tilskotet vert utbetalt.

## **3. Konklusjon**

Etter fylkesrådmannen si vurdering vil det vere viktig med etablering av hangar på Sogndal lufthamn, Haukåsen for eit eventuelt framtidig nattstasjonert fly. Det vert difor tilrådd at fylkestinget yter eit eingongstilskot på 3 mill. kr frå fondsmidlane til etablering av hangar. Vilkåret for tilskotet må vere at prosjektet er fullfinansiert før tilskotet vert utbetalt.

Fylkesrådmannen ser det som lite aktuelt at fylkeskommunen går inn på eigarsida i det planlagde aksjeselskapet som skal stå for drift, vedlikehald og utleige av hangaren. Det bør heller ikkje vere aktuelt å yte eit ev. driftstilskot til aksjeselskapet.